

Takseringa av eigedomar i Kvam vil truleg kosta fem millionar kroner. Tidlegare har administrasjonen signalisert ein kostnad på kring to millionar.

SIGBJØRN LINGA

– Røynsler frå andre kommunar viser ein kostnad på om lag to millionar kroner for ein kommune som Kvam, skreiv rådmannen i ei saksutgreiing i fjor.

Estimatet vart ikkje justert før heradsstyret 18. desember gav grønt lys for å be rådmannen førebu taksering. To månader seinare har kostnadsestimatet stige med tre millionar kroner, opplyser sakshandsamar og seniorrådgjevar Kjell Helvik.

Rådmannen vil henta pengane frå fond. 10. mars drøftar heradsstyret om auken er til å leva med. Politikarane treng ikkje ta endeleg stilling til utvidinga av eigedomsskatten, men auken i takseringskostnaden kan gjera det tyngre å forsvara ein snuoperasjon når pengane alt er bruka.

Reidar Tolo (H) sa allereie i desember at dei som røystar for takseringa, i praksis "snikinnfører" skatten ved å skuva avgjerda framføre seg til det er for seint å snu. Dess meir ein brukar på takseringa, dess meir kan vera "bortkasta" dersom det ikkje skulle vera fleirtal i heradsstyret for utviding av skatten.

Kan skje i år

Takseringa kan koma i gang i mai og vera avslutta i desember dersom rådmannen møter politisk velvilje.

Sjølv om ei rekkje eigedomar får fritak, skal dei fleste takserast. Om lag 8.500 eigedomar skal granskast, reknar rådmannen med. Talet inkluderer mellom anna eit par tusen hytter på Kvamskogen.

Sjølv om skatten har tradisjon for å vera upopulær, vil takseringa i det minste redusera arbeidsløysa ei tid. Kring 4 millionar kroner vil gå til løn og sosiale ut-

gifter. Ifølgje rådmannen vil arbeidet sysseletja minst åtte personar med taksering i 150 arbeidsdagar. Desse bør tilsetjast i mars og lærast opp i april for å oppnå den ynskte framdrifta, meiner han. Tidsbruken føreset at vel 50 einingar vert takserte dagleg.

Tempoet avheng av kven rådmannen engasjerer. Arbeidet krev ryddige, lokalkjende, mobile og omgjengelege personar, skriv rådmannen, og opplyser at røynsle frå byggjeverksemd eller takseringsarbeid vil vera ein føremon. Han må òg hyra kvalifiserte takstfolk for å vurdere særskilde objekt og kvalitetssikra den såkalla sjablongtakseringa.

Tilsette involverte

Prosjektet skal leiast av teknisk sjef Per Øyvind Tveiten i rådhuset i Norheimsund, føreslår rådmannen. Tveiten må få permisjon frå stillinga si. Rådmannen reknar med at administrasjonen må arbeida med takseringa i minst eitt år, mellom anna for å ta seg av klagar og etterarbeid.

Tilsette i både økonomi- og geodataavdelinga må engasjerast, sistnemnde mellom anna fordi matrikkelen må oppdaterast. I tillegg vil informasjonsavdelinga og fellessekretariatet verta sentrale fordi trongen for informasjon vil vera stor, heiter det.

Rådmannen vil informera om prosjektet mellom anna gjennom ilegg i HF som òg går til hytteeigarar på Kvamskogen.

Nemnder

Takseringa føreset at det vert peika ut nemnder. Kvam har så langt hatt ei såkalla takstnemnd og ei overtakstnemnd. Rådmannen meiner denne ordninga er for lite effektiv når alle eigedomane skal takserast. Han tilrår i staden å oppnemna ei såkalla sakkunnig nemnd og ei sakkunnig ankenemnd med fem personar i kvar.

Oppgåva til den sakkunnige nemnda er å fastsetja skattetakstane på bakgrunn av prosedyrar og informasjon frå dei som

Fakta SKATTEVEKST

- Kvam herad har sidan 1984 kravd eigedomsskatt for såkalla verk og bruk og bustader i sentrumsområde i Norheimsund, Øystese og Ålvik. Inntekta i 2007 var 11 millionar kroner.
- Omfanget av skatten vart drøfta i 2001 og 2005, men det vart ikkje vedteke endringar. Rådmannen tok i fjor til orde for å utvida eigedomsskatten i 2009 til heile heradet, inkludert alle hytter. Ei endring av lova om eigedomsskatt gjorde dette mogeleg i 2007.
- Heradsstyret utsette avgjerda til arbeidet med 2009-budsjettet. I desember bad heradsstyret rådmannen leggja fram ei sak om taksering av eigedomar.
- I fjor opplyste rådmannen at skatteutvidinga kan gje minst ti millionar kroner i nye inntekter. Sidan har han sagt at talet truleg vert monaleg høgare, mellom anna fordi det er vorte mogeleg å skattleggja dei talrike oppdrettsanlegga i Kvam.
- Inntekta avheng spesielt sterkt av skatteøyret, som er den skatteprosenten inntektskatten vert rekna ut frå. Skatteøyret kan vera mellom to og sju promille av taksten. Taksten skal i teorien spegla salsverdien av eigedomane.
- Mellom anna landbrukseigedomar skal ikkje skattleggjast. Politikarane kan òg frita andre typar eigedomar eller gje botnfrådrag.

reiser på synfaring på eigedomane. Ankenemnda skal handsama klagar.

Rådmannen meiner valnemnda bør få i oppdrag å føreslå medlemmer til nemndene. Medlemene bør ha kunnskap om og interesse for eigedomsskatt, og dei bør ikkje sitja i organ som fattar vedtak om eigedomsskatt, skriv rådmannen. Heradsstyremedlemene er med andre ord utelukka.